

## Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2013.

Eldrerådet 2011-2015 er slik samansett:

<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Tore Gran, leiar	Haldis Rogne
Aage Kjonerud, nestleiar	Gunnar Berg
Gunvor Onstad	Hjørdis Hegge
Magnhild Strand, Sp	Marit Synnøve Opheim Østli, Ap
Bente Oxhovd, H	Anne Finnbråten, Sp

Rådet hadde 6 møter i 2013 med i alt 31 saker.

Referata ligg på kommunens heimeside under ”*politikk og val*” eller på Tingvang.

*Saker som er handsama er m.a.:*

*Kommuneplan HO.* I sak Fsk-13/13 vart det vedteke mandat for organisering og oppstart av planprogram utan at rådet vart høyrst fyrst. På rådet si klage til fylkesmannen vart det stadfesta i brev av 31 mai at dette var brot på lov om eldreråd. Vedtaket har etter dette ikkje gjeve betre handsaming frå rådmannen, er-sak 10/13, 18/13 og 26/13. Kontakten med den administrative plangruppa har vore og er framleis god sjølv om rådet ikkje fekk delta direkte.

*Kommuneplan- samfunnsdel.* Her ga rådet eit innspel med idear for framtida frå Malvik og Hole kommune. I senario for 2017 og 2025 er det omtala tema som HO og openheit.

*Talerett for rådet.* Sjø årsmelding 2012 m.vedl. er-sak 30/12, Vår kommune er fortsatt einaste i Valdres utan talerett i andre kommunale organ, men positivt møte med ordførar april lovar godt, der vart og andre saker tekne opp, er-sak 16/13. KRD har uttalt til både rådmann og rådsleiar at det ikkje er noko i vegen for at rådet får talerett. Kontrollutvalget uttalte i brev 17.10.13 at rådet burde få talerett.

*Årsmelding for 2012* vart heller ikkje denne gang sendt kommunestyret som avtalt. Vart handsama som referatsak seinare.

*Heimetenesta.* Frå 2012 til 2014 er det ei auke frå 18,8 til 20,1 i faste stillingar og det vart sett inn ekstra ressursar i 2013 i ei ekstraordinær periode. Sjukefråvær er og på veg ned. Dette er bra sjølv om stillingsauken er tatt frå vikarbudsjetten. Særs låg bemanning i forhold til stor auke i oppdrag gjer høg score på effektivitet i kommunebarometeret, men det er ikkje noko å skryta av når besøka blir stadig kortare!! Auke i bemanninga her er som før rådets høgste prioritet i budsjettet.

*Sjukeheimen.* Etter aksjonen med overbelegg i 2009 har saka roa seg. Dei 5 nye mellombels romma vart utbetra litt og blir nytta mest til korttidsopphald. I 2013 har det på nytt vore noko plassproblem og Ø.Slidre var einaste i Valdres med rekning frå SI for ekstradøgn på sjukehus. Dette var berre i perioda mars til juli.

*Frivilligsentralen.* Denne fungerer framleis sær bra.

*Småjobbsentral.* Denne er starta opp frå 18 august etter initiativ frå samhandlingsrådet i frivilligsentralen. Det er no 10 hjelparar og også ungdom. Den nye sentralen har eige styre og økonomi, men rapporterer til Frivilligsentralen som er en nær samarbeidspart.

*Den kulturelle spaserstokken.* Rådsleiar har samarbeida med kultursjefen om dette med arrangement både vår og haust.

*Eldrefest.* Årets fest var på Bygdinstoga med 50 tilstades. Nytt, frivelig sted med god mat og service. Underholdning frå Teater Innlandet "Prøysen" og i samarbeid med den kulturelle spaserstokken. Svært bra.

*Datakurs for eldre* er halde på biblioteket med 8 deltakarar. Bra. Prøver med nytt i 2014.

*Saker for oppfølging i 2014:*

*Reglement for rådet.* Rådet følgjer opp saka vidare.

*Festusbuss.* Det skal jobbast vidare med ny innsamling, samt heis på bussen.

*Omsorgsplan.* Rådet ynskjer å bidra vidare.

*Omsorgsbustadene.* Pris på husleige og straum.

*Datakurs for eldre.*

*Eldrerådet har i 2013 vært representert på fylgjande andre møter:*

Eldreråda i Oppland på vår og haustkonferanse, ei av to samlingar for råda i Valdres, samhandlingsstyret for frivilligsentralen og fylkeseldrerådet.

Vedtatt eldreråd, 15. januar 2014..........Tore Gran, leiar